



Byglandsnytt nr.33 – mai 2022

Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland tlf. 37934700, post@bygland.kommune.no

Neste utgåve: 1. juni 2022 - Send tips om arrangement til innan 30.05. - Bygland kommune si heimeside: www.bygland.kommune.no

Bygland kommune ønskjer alle ein god 17. mai!



Opningstider Bygland kommunehus

- **Sentralbord:** tlf. 37 93 47 00 -måndag – fredag kl. 10.00 – 14.00
- **Publikumsmottaket:** måndag – fredag kl. 10.00 – 14.00
- **NAV:** tlf. 55 55 33 33 - måndag – fredag kl. 08.00 - 15.00
- **Rettleiingssenter i Bygland:** drop-in på torsdagane kl. 12.00 – 14.00

Legekontoret tlf. 37 93 47 30 - Legevakt tlf. 116 117

Bygland legekantor
Sentrum 18, 4745 Bygland

Bygland legekantor
Sentrum 18, 4745 Bygland

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	09.00 – 15.00	
tysdag	09.00 – 15.00	
onsdag	Stengt	09.00 – 15.00
torsdag	09.00 – 15.00	
fredag	Stengt	09.00 – 15.00

OBS! Informasjon om utsett oppstartsdato på legesamarbeidet lverksetting av legesamarbeidet er utsett til 1. juni 2022. Alle pasientar som må få endra legetime får personleg beskjed. Det er ingen endring i opningstid på Byglandsfjord legekantor og Bygland legekantor

Folkebiblioteket i Bygland

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	11.30 – 15.00	16.30 – 19.00
tysdag	16.00 – 18.00	10.00 – 14.15
torsdag	13.00 – 17.00	

Politiske møte, sakspapir og protokollar

www.bygland.kommune.no/innsyn

- **Rådet for eldre og funksjonshemma:** 02.05. kl. 12.00
- **Bygland ungdomsråd:** 02.05. kl. 15.30
- **Plan, miljø- og ressursutvalet:** 03.05. kl. 12.00
- **Kommunestyret:** 05.05. kl. 13.00
- **Formannskapet:** 18.05. kl. 13.00
- **Levekårsutvalet:** 23.05. kl. 18.00

Kunngjeringar

- **Områderegulering for Ose bygdesenter
- 2. gongs offentlig ettersyn**


Plan, miljø- og ressursutvalet vedtok 29.3.2022, sak 36/22, å legge områderegulering for Ose bygdesenter ut til ny høyring og offentlig ettersyn. Etter førre høyringsrunde er det gjort endringar i planen som gjer at det er behov for å legge planen ut på ny høyring.

Sjå saksframlegg PMR 29.03.22 og plandokument på kommunen si heimeside for nærare informasjon.

Formålet med planen er å legge til rette for ny Ose bru, kommunalt reinseanlegg, god trafikal avvikling, også for mjuke trafikantar og for nærings- og kulturinteresser. Bygland kommune har også som overordna målsetting at kommunen skal vere ein god stad å leve og virke gjennom

- å vere attraktiv for dei som bur her og vil flytte til
- å leggje til rette for nye arbeidsplassar og trygge dei eksisterande
- å ha gode vilkår for læring heile livet
- å utvikle og satse på eigne ressursar, eigenart og kvalitetar
- å ha gode vegar og god digital infrastruktur

Vi tek sikte på å oppheve to gjeldande planar; reguleringsplan for Austad (planid 199802), vedteken 13.05.1998 og reguleringsplan for del av Ose



Reguleringsplan Ose bru

sentrum (planid 198201), vedteken 21.10.1982, inkludert alle seinare planendringar og tilhøyrande føresegner, ved godkjenning av denne planen.

Det er no du som rørt part har moglegheit til å påverke korleis planen vil bli til slutt, og det er viktig at du kjem med dine merknadar i løpet av høyringa.

Merknadar: Merknadar til reguleringsarbeidet kan sendast skriftleg til: Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland eller post@bygland.kommune.no **innan 27. mai 2022.**

Har du spørsmål om planarbeidet, kan du kontakte:

Sonja Lien Skjevrak, fagleiar plan

Telefon: 901 51 154

E-post: sonja.skjevrak@bygland.kommune.no

- **Detaljregulering for Rv9 Storestraumen, kurveutbetring -
Melding om offentlig ettersyn**

I tråd med plan- og bygningsloven §3-7 og §12-10 blir forslag til detaljreguleringsplan for Rv0 Storestraumen, kurveutbetring i Bygland kommune lagt ut til offentlig ettersyn.

Planområdet omfattar arealet vist på vedlagde kartutsnitt. Målet for planarbeidet er å legge tilrette for trafikksikringstiltak gjennom kurveutbetring, siktutbetring og stenging/flytting av trafikkfarlege avkøyrslar.

Reguleringsplanen ligg ute til offentlig ettersyn i perioden 12. april 2022 - 24. mai 2022. Reguleringsplanforslaget (reguleringsplankart, planomtale og bestemmelsar) samt teknisk vegplan finn du lenger nede på sida under "Vedlegg".

Det vil bli halde eit ope informasjonsmøte i kommunestyresalen i Bygland den 3. mai kl. 17:00

Har du innspel/merknadar til planforslaget, må du sende det skriftleg **innan 24. mai 2022** til

Statens vegvesen

Postboks 1010, Nordre Ål

2605 Lillehammer

Merk innspellet med "Rv9 Storestraumen, kurveutbetring"

Har du spørsmål til planarbeidet, kan du ta kontakt med planleggingsleiar Jon Olav Upsal på telefon 924 42 753 eller på e-post: jon.olav.upsal@vegvesen.no

Ledige stillingar

Flyktningkonsulent - Bygland Kommune, Helse
Det er ledig eit engasjement i 50% som flyktningkonsulent. Søknadsfrist: **08.05.22**



Arbeidsoppgåver

- Busetjing og oppfølging av flyktningar.
- Kartlegge, rettleie og følgje opp menneske med fokus på arbeid, utdanning og integrering
- Rettleie og saksbehandle (introduksjonslova).
- Registrering i fagprogram/NIR.
- Koordinering av tenester og tett samhandling med andre aktørar internt og eksternt.

Kvalifikasjonar

- Relevant høgskoleutdanning.
- Manglande utdanning kan kompenseras med erfaring frå tilsvarende arbeid.
- Engasjement og interesse for flyktningararbeid.
- Gjerne erfaring frå tilsvarende stillingar.
- Bør ha gode datakunnskapar.
- God muntleg og skriftleg framstillingsevne.
- Erfaring frå å jobbe med menneske, gjerne rettleiings- og motivasjonsarbeid
- Førerkort kl. B

Personlege eigenskapar

Det vil bli lagt stort vekt på personlege eigenskapar som:

- Evne til å arbeide sjølvstendig, planlegge, prioritere og strukturere arbeidskvardagen din.
- Evne til å motivere og å arbeide med endringsprosessar.
- Evne til å skape gode relasjonar.
- Løysingsorientert innanfor gjeldande rammer
- Godt humør og god kommunikasjonsevne.

- Erfaring frå tilsvarande oppgåver, eller frå andre delar av offentleg sektor.

Vi tilbyr

- Gode forsikrings- og pensjonsordningar .
- Kommunale lønns- og arbeidsvilkår fastsett i lov og avtaleverk.
- Frå brutto regulativlønn vert det trekt 2% til medlemskap i KLP.
- Avtale om inkluderande arbeidsliv (IA).
- Bedriftsavtale med Sørlandsparken Tverrfagleg Helse

Interne søkarar med rett kompetanse kan ha fortrinnsrett til stillinga.

Lenkje til stillingsannonse på Webcruiter finn du på Bygland kommune si heimeside. Kun elektroniske søknader. Webcruiter-ID: 4514266530

Sommarjobb for skuleungdom

Det er i 2022 sett av lønnsmidlar til sommarjobbar for skuleungdom på teknisk drift. Det vil også bli tilbydd moglegheiter for å arbeide med krypsiv og avfallsrydding i og langs Åraksfjorden. **Søknadsfrist 10.05.22**

Utgangspunktet er å tilby sommarjobb for ungdom busett i Bygland kommune i alderen 16 – 20 år i tidsrommet f o m 22.06. t o m 13.08. Målsetjinga er å kunne tilby minst 2 veker samanhengande arbeid.

Type arbeid:

- Byggvedlikehald, i hovudsak måling.
- Stell og vedlikehald av grøntanlegg m a plenklypping og vegetasjonsrydding
- Reinhold, som t d vask av vindauge, nedvask m v.
- Krypsiv og avfallsrydding langs Åraksfjorden.
- Diverse arbeidsoppgåver i samråd med arbeidsleiinga.

Ungdom med spesielle kvalifikasjonar kan få utvida arbeidsperiode og evt noko arbeidsleiaransvar.

Krav til søkjar:

- Du må vere fylt 16 år før arbeidsperioden startar.
- Du må ha arbeidsløyve i Noreg
- Du må ha bustadadresse i Bygland kommune.
- Du må kunne arbeide innafor det tidsrommet arbeidsgjevar avgjer og med dei arbeidsoppgåver arbeidsgjevar definerer og har behov for.
- Du må kunne gjennomføre eventuelle kurs / opplæring som er nødvendig for å ha lov til å gjennomføre ulike arbeidsoppgåver. Eventuelle kurskostnadar blir dekkja av Bygland kommune.

- Det vil for fleire av oppgåvene vere ein fordel å inneha bilsertifikat m tilhengar, moped – og / eller traktorlappen, båtførarprøve m v samt eventuelle kurs i t d stell, vedlikehald og bruk av motorsag / anna motorreiskap, stillasbruk m v.
- Søknaden må sendast på eige skjema, som du finn på Bygland kommune si heimeside.

Lønn:

Avlønning i hendhald til Kommunanes sentralforbund (KS) sine tilrådingar for lønn til unge arbeidstakarar.

Kontaktpersonar: Driftsleiar Fredrik Langfeldt tlf 945 32 945 eller tenesteleiar Kjell Øyvind Berg tlf 918 63 403.

Søknadsfrist: **10.05.2022**

Send søknad til: Bygland kommune, Sentrum 18, 4747 Bygland eller på e-post til post@bygland.kommune.no

Helse

Tannhelseteneste i Agder: Brukarundersøking med frist 15. mai

Vil du delta i brukarundersøkinga vår?

Tannhelsetenesta i Agder fylkeskommune gjennomfører for tida ei brukarundersøking.

Undersøkinga omhandlar kva som er viktig for deg som pasient på våre tannklinkker, og tar ca 5 min å svara på.

Brukarundersøkinga er anonym, og blir gjennomført enten via Questback eller på papir. Hald mobilkameraet over QR-koden under her, eller hent brukarundersøkinga ved publikumsmottaket i Bygland kommune. Etter du har kryssa av ho, leverer du den tilbake til resepsjonen. Fristen er 15. mai. Takk at du deltar!



Økonomi og Næring

Informasjon om rekneskap 2021

På kostnadssida: Einingane (Helse, Pleie og omsorg, oppvekstsentra, Drift og forvaltning, Stab/fellesutgifter, eksterne samarbeid) har eit samla forbruk som er



på 98,31 % av budsjettet, som svarar til eit underforbruk på kr 1.866.586 (samla for alle einingane). Ein ser at dei aller fleste einingane har treft godt med sine budsjett.

På inntektssida: Rammetilskot og skatteinntekter vert samla om lag 2,2 mill. over budsjett, trass i at kommunen seinast i oktober oppdaterte inntektsprognosane i tråd med KS sin prognosemodell. Dette gjer at inntektene samla vert kr 2.247.212 høgare enn budsjettert.

På bakgrunn av dette vart det eit mindreforbruk i 2021 på kr 4.113.798, som svarar til ei avsetning til ordinært disposisjonsfond på kr 2.936.745. Revisjonen avga si godkjenning av rekneskapen 11. april.

På generelt grunnlag, så er det kraftig auke i skatte- og kraftinntekter i løpet av året som er hovudårsaka til at 2021 gjekk mykje betre enn det ein la til grunn då budsjettet vart laga hausten 2020. Skatteinntektsprognosane følger prognosane frå Nasjonalbudsjettet og KS, som var relativt låge grunna «covid-pessimisme» hausten 2020, men som har blitt betydeleg høgare i løpet av 2021. Straumprisane har auka frå 0 i november 2020 til høgare enn nokon gong i 2021, som har resultert i at kommunen har fått betydeleg auke i kraftinntekter frå Konesjonskraft IKS i løpet av året.

Gjeld: Den samla lånegjelda har blitt redusert frå kr 147.342.009 i 2020 til kr 146.931.976 i 2021. Gjelda er likevel høgare enn måлтаlet kommunestyret har vedteke.

Næringskonferanse UNG INNAFOR

5. mai, kl. 12.00 – 15.30

Velkomen til næringslivskonferansen UNG INNAFOR - live streaming av konferansen i kommunestyresalen på Bygland, 5. mai 2022, kl. 12.00 - 15.30.



Næringslivskonferansen Ung Innafor har fokus på korleis du som arbeidsgivar kan bli meir lønnsam og i tillegg styrka kulturen til bedrifta, samhald og effektivitet ved å tenka mangfald inn i organisasjonen.

Konferansen er 5. mai 2022 kl. 12.00 - 15.30 og blir arrangerte av NAV Midt-Agder i samarbeid med fleire andre aktørar. Konferansen er for leiarar / avgjerdstakarar i bedrifter + tillitsvalte. Temaet er korleis vi saman kan bidra til å hindra utanforskap. Konferansen er gratis, og bedrifter i Bygland blir bedne om anten å:

1) Melda seg på til live streaming av konferansen i kommunestyresalen på Bygland 05.05.22 kl. 12.00-15.30, påmelding her: <https://forms.office.com/r/xiJGsunSrS>, eller

2) Melda seg på for fysisk oppmøte der konferansen tar stad, i Hunsfoss Næringspark i Vennesla 05.05.22 kl. 12.00 - 15.30, påmelding her: <https://www.checkin.no/event/42863/ung-innafor>

Det blir matservering begge stader.

Kort om konferansen: Hovud-foredragshaldar er Olav Haraldseid, som er svært verdsett og ein god formidlar. Han er forfattar og foredragshaldar, og mykje brukt i liknande samanhengar. Han er mykje brukt i samband med endringsleiing og er opptatt av verdiskapinga som ligg i mangfald på arbeidsplassen. Fasilitator er Francois Elsafadi -

<https://marco.no/francois-elsafadi/>, som bind dette saman gjennom dømme, humor og stort engasjement. I tillegg er det ulike innslag, mest frå lokalt næringsliv.

Sjå meir informasjon om konferansen her: <https://venf.no/.../invitasjon-til-varens-viktigste.../>

Sjå videopresentasjon om konferansen her: <https://vimeo.com/697314537>

Utlysing: Bygland kommune ønskjer leigetakarar til Byglandsfjord Landbruksverkstad

Byglandsfjord landbruksverkstad er eit kommunalt eigd bygg som er tilrettelagt for småskala næringsverksemd.



Adressa til bygget er Stasjonsvegen 4, 4741 Byglandsfjord.

Bygland kommune ynskjer å leige ut landbruksverkstaden med føremål om å skape næringsaktivitet i bygget.

Interessentar kan sende ein skriftleg søknad til post@bygland.kommune.no innan 05.05.2022. Forslag/ide til driftskonsept blir utdjypa i ein forretningsplan eller liknande. Det er viktig at aktiviteten i bygget ikkje skapar støy som er til sjenanse for omkringliggjande eigedomar, og at det til ein kvar tid er ryddig i og utanfor bygget. Omsynet til det heilskaplege inntrykket på stasjonsområdet er viktig.

Interessentar kan kontakte følgjande for nærare informasjon/ynskje om synfaring:

- **Stabsleiar økonomi og næring Knut Olav Forgard: tlf. 41 66 83 08**
- **Kommunedirektør John Sigridnes: tlf. 99 09 46 63**

Bygland kommune vil på grunnlag av innkomne driftsforslag velje aktør/leigeavtale som kan få ha si drift på landbruksverkstaden framover.

Drift og Forvaltning

Veg- og gatefeing på Bygland

I dei komande dagane er det planlagt feing av gater og vegar på Bygland og nordover.

For å gjort jobben vil det vere ein føremon dersom ein kan hugse å plassere

bilar m.m. utafor kommunal asfaltert eigedom. Sidan det er tørt, vil det kunne kome til å støve ein del.



Akselrestriksjonar

Bygland kommune opphevar telerestriksjonane på alle kommunale vegar f.o.m. kl. 00.00 måndag den 2.5.2022



Kultur

KILDEN

KILDEN UT I AGDER

ANNE
AV PAAL-HELGE HAUGEN

Paal-Helge Haugen og Kilden sin teatersjef Valborg Frøysnes innleier premiera med samtale om forestillinga.

Premiere i Valle kultursenter, Storstoga
6. mai kl. 18.00

For første gong dramatiserast *Anne* - av Paal-Helge Haugen i ei vakker, intim og musikalsk forestilling. Premiera blir holdt i Haugen si heimbygd, Valle i Setesdal.

Pris: 150-200 NOK | Varighet: 60 minutt | Anbefalt for alle over 14 år.

KILDEN TEATER Kilden ut i Agder i samarbeid med LOS ADDER KILDEN.COM

Honorarfond til folkemusikk

Føremålet med honorarfondet er å gjere folkemusikken i Setesdal kjent og høyrte, og å stimulere til aktivitet blant folkemusikkutøvarar, ikkje minst dei unge.



Fondet kan dekke delar av honoraret når ein arrangør bruker folkemusikarar med lokal tilknytning til arrangement i Bygland, Valle og Bykle kommunar. Dersom det er unge utøvarar, kan fondet dekke heile honoraret. Det er Valle sparebank, Valle, Bykle og Bygland kommunar som finansierer fondet, og Setesdal spelemannslag administrerer det.

Kven kan søke om tilskot?

Alle arrangørar - lag, foreiningar, bedrifter eller privatpersonar - med tilskipingar i Bygland, Valle og Bykle kommunar, kan søkje om tilskot frå fondet. Ordninga gjeld ikkje for offentlege institusjonar. Honorarfondet kan støtte arrangement av dei fleste slag, anten det dreier seg om kulturinnslag, veg konferansar, bedriftssamlingar, representasjonsoppdrag, opningsfestar, jubileum, "runde dagar", private tilskipingar eller anna.

Retningslinjer for tildeling

Setesdal spelemannslag administrerer fondet, og definerer kva for utøvarar som kjem inn under ordninga. Det er utarbeidd rettleiande honorarsatsar for ulike typar utøvarar. For unge utøvarar dekker fondet heile honoraret inntil kr 2 500. For tilskipingar med andre utøvarar må arrangøren dekke ein eigendel på 1/3 av total honorar, medan fondet dekker resten, avgrensa til 15 000 kr.

Søknad om tildeling

Søknad om tilskot frå fondet skal sendast til Honorarfond til folkemusikk. Skriv ein enkel søknad som inneheld opplysningar om arrangør, type arrangement, stad/tid, utøvar(ar) og avtalt honorar. Søknader blir handsama fortløpande, og tildeling skjer dersom søknaden tilfredsstillar retningslinene, og så lenge det er midlar på fondet.

Oppvekst

8. mai-markering i Bygland

Fredag 6. mai vil born frå barnehagen og skulen på Bygland ha ei markering på Knutsbakk. Dei gjeng i tog frå skulen ca 10.40. Ved Knutsbakk blir det tale, kransenedlegging og song.



Andre som har eit ynskje om å vere med er hjartleg velkomne.

Klimaverkstad ved Bygland skule

Den 27. april hadde ungdomsskulen på Bygland klimaverkstad. Dette var eit tverrfagleg prosjekt i faga naturfag og kunst og handverk. Dei lærte om klimautfordringar og hadde workshop der dei skulle «finne opp» noko som kunne løyse nokre av desse utfordringane. Ungdomane fann kreative løysingar på til dømes havstigning, ekstremvær og utryddingstrua dyreartar.

Bilete: Bjørg Maren Lauvdal



Tverrfagleg ressursteam

Bygland kommune startar no opp noko vi har kalla Tverrfagleg ressursteam. Dette er eit team som består av representantar

frå fleire faginstansar innan oppvekst. Det skal vere ein stad der føresette og/eller lærarar i skule og barnehage kan drøfte bekymring for eit barn.

Formålet med teamet er å sikre kvalitet i arbeidet med det psykososiale arbeidet i skule og barnehage ved å utnytte den samla faglege kunnskapen i kommunen best mogleg. Det kan ofte vere vanskeleg å stå aleine med ei



bekymring, og i Tverrfagleg ressursteam kan ein få hjelp til å sjå saka gjennom ulike «fagbriller» og kome fram til tiltak.

Teamet har taushetsplikt, og kan ikkje drøfte ei bekymring utan samtykke frå føresette. Teamet skal bestå av:

- Helsesjukepleiar
- Ein repr. frå PPT
- Ein repr. frå barnevernet
- Sosiallærer
- Spes.ped koordinator
- Pedagogisk rådgjevar
- Tenesteleiar/assisterande tenesteleiar

Ressursteamet skal ha faste møter to gonger i månaden på Bygland og Byglandsfjord. Det er ein del av arbeidet med oppvekstreformen der fokuset er å bygge laget rundt barnet.

Som føresett kan du melde bekymring til pedagogisk rådgjevar Ann Cecilie Andersen på tlf. 482 14 913.

Kyrkjene i Bygland

Kyrjekontoret i Bygland

Bygland Kyrkjelege Fellesråd
Sentrum 18, 4745 BYGLAND

Kontakt

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472
Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711

Prostidiakon: Per Emanuelsen: 977 19 173



Gudstenester (med atterhald)

- søndag 08.05. kl. 16.00, gudsteneste, Sandnes kyrkje, Åraksbø
- tysdag 17.05. kl. 11.00, festgudsteneste, Årdal kyrkje, Grendi
- søndag 29.05. kl. 11.00, konfirmasjons-gudsteneste, Bygland kyrkje



Ingen informasjon om **andaktar** på Byglandsheimen i mai.

Bygland Frivilligsentral

KONTAKT: Anne Fauske / Bygland frivilligsentral,

Sentrum 18, 4745 Bygland. tlf.: 945 10 770, e-post:

post@bygland.frivilligsentral.no

Info: bygland.frivilligsentral.no og på Facebook



Opne aktiviteter:

- **BUA Bygland (tidligere Utstyrssentralen)** bl.a. med mykje vinterutstyr, bua.io, tlf. 94 50 28 58
- **Utkøyring av middag** to gonger i veka
- **Besøksven** for eldre – **Her treng vi fleire vener! Ta gjerne kontakt med oss på: frivillig.no/bygland-frivilligsentral**

Andre aktivitetane:

- **Seniorsenter:** kvar måndag kl. 10.00 – 14.30, Pakkhuset på Byglandsfjord
- **MiniKRIK:** annakvar måndag kl. 17.00 – 18.00, Årdalshallen (**neste 02. Og 16.05.**)
- **Valfag Innsats for andre - samarbeid med Bygland Oppvekstsenter:** Kvar tysdag kl. 12.00-13.30, ikkje i ferien. Meld oppdrag på sms til 945 10 700. Der skriv du adresse og kva oppdraget er.
- **Bingo:** annakvar tysdag kveld kl. 18.00 – 20.00, Bygland frivilligsentral (**neste 03. og 17.05.**)
- **Bygdemiddag:** annakvar tysdag kl. 16.30 – 18.00, Bygland frivilligsentral (**neste 10. og 24.05.**)
- **Open dag i salen – Byglandsheimen:** kvar onsdag kl. 11.00-15.00
- **Kunstnarverkstad 4.-7. klasse:** kvar onsdag kl. 15.00-16.30, Bygland frivilligsentral (**siste gang for sesongen: 03.05.**)
- **Styrketrening:** kvar torsdag kl. 13.00 – 14.30, Byglandshallen
- **Strikke kafé:** 1. og 3. torsdag i månaden, kl. 18.00 – 20.00, Bygland frivilligsentral (**neste 05. og 19.05.**)
- **Laurdagsklubb:** ein gang per månad kl. 18.00-21.00. 5.-10.klasse, Årdalshallen (**neste 14.05.**)

Bygland ungdomsklubb

(ikkje i skuleferien eller høgtider)

mån: 18.30 - 20.00, 5. - 7. kl. (Byglandshallen)

mån: 20.00 - 22.00, 6. - 10. kl. (Byglandshallen)

ons: 19.00 - 22.00, 8. kl.-VGS (Byglandshallen)
(6. og 7. klasse kan halde fram til neste skuleår)

1x/månad: fre: 18.00 - 21.00, 5. -7. kl. (Årdalshallen) – **neste 20.05.** og

lau: 19.00 - 23.00, 8. kl.-VGS (Byglandshallen) – **neste 21.05.**



Tømekalender for Bygland kommune – mai 2022

Matavfall og restavfall: veke 18: torsdag 05.05.

Papir og plast: veke 19: **OBS!** fredag 13.05.

Matavfall og glass/metall: veke 20: torsdag 19.05.

Nesmoen Gjenvinningsstasjon: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (11.05.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (28.05.)

Syrteveit: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (14.05.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

 **Setesdal brannvesen: Skogbrannvett-reglane** (plakat på bokmål)





Plakaten har en gul bakgrunn og et svart logo med en flamme over to kryssede tømmerstokker. Teksten er i svart og listet opp sju punkter. Nederst er det et logo for Norsk brannvernforening.

SKOGBRANNVETT-REGLENE

1. Gjør deg kjent med skogbrannvarselet og lokale forbud før du gjør opp ild.
2. Gjør trygge bålvalg. Unngå brannfarlig terreng og ta hensyn til vindforhold.
3. Vær forsiktig når du gjør opp ild i naturen, selv på korte turer.
4. La aldri bålet være alene.
5. Husk at et bål kan gi gnister, glør og ulmende røtter under bakken, selv når du tror ilden er sløkket.
6. Varsle i tide. Vit alltid hvor du er, og ring nødnummer 110 ved ild ute av kontroll.
7. Det er ingen skam å droppe grillpølsa; spis maten kald om nødvendig.

Norsk brannvernforening

 **Otra Kraft informerer: Farå i Brokke**

-  Farå er stengt for bading og anna aktivitet til snøsmeltinga i fjellet er over. Parkeringsplassane er stengde og vatn vert sleppt i elveløpet.
-  Varslingsanlegget er aktivt og vil varsle om flaum. Opphald langs vassdraget er alltid risikofylt. Ver observant. Anlegget kan svikte!

Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 33:

Bilete: Framside: Osefeti. Bilde av Susanne Hegenscheidt.

Innhald (m. m. anna er spesifisert): S. Hegenscheidt, pixabay.com, Marit S. Kvaale, Anne Fauske, Bygländ filmklubb, Bygdekinoen. **Red.notat:** Helene Wieden. **Kva skjer:** 17. mai komite. 17. mai program: 17. mai komite og S. Hegenscheidt. **Takk til alle fotografar!** **Redaksjon:**

Susanne Hegenscheidt. **Korrektur:** Mari Rygg. **Bygländsnytt juni kjem:** 02.06., skrivefrist 30.05.



KINO PÅ BYGLAND KULTURSCENE

Bygländ Filmklubb: søndag 15. mai – Tema: Klassiker



DATO: SUNDAG 15.05.2022	
GJEST BAARSDEN (1939)	CITIZEN KANE (1941)
ALDER: ALLE	ALDER: ALLE
TEMA: NORSK/UTENLANDSK KLASSEK	



Bygdekinoen: onsdag 18.05. kl. 17.30 og kl. 19.30

kl. 17.30: Barske Bøller

Omtale

På tide at skurkane får hovudrollen!

I denne uskikkelege gjengen finn vi Herr Ulv, Mister Hai, Sir Slange og Don Piraja - alle dedikerte skurkar, sidan det er rollen dei har fått tildelt med å vera dyra dei er. Barske Bøller er basert på den populære barnebokserien med same namn.

Norske stemmer - Herr Ulv: Christoffer Staib.

Sir Slange: Espen Beranek Holm. Don Piraja: Sondre Mulongo Nystrøm.

Mister Hai: Jeppe Beck Laursen. Netti: Maria Karlse. Diane Revenes: Silya Nymoen.

Professor Marmelade: Anders Bye. Politibetjent Sløgge: Lena Meieran.

Beate Bjefferud: Ulrikke Brandstorp

Billettpris: 100 kroner

Filmfakta

Regi: Pierre Perifel. Produksjonsår: 2020



Skodespelarar: Sam Rockwell, Awkwafina, Craig Robinson, Marc Maron, Zazie Beetz, Anthony Ramos, Richard Ayoade. Sjanger: Animasjon. Nasjonalitet: USA. Lengde: 1t. 40min. Aldersgrense: 6 år.

kl. 19.30: Doctor Strange in the Multiverse of Madness

Omtale

Doctor Strange in the Multiverse of Madness frå Marvel Studios opnar MCU multiverset og flyttar grensene lenger enn nokon gong før.

Reis inn i det ukjente med Doctor Strange, som ved hjelp av gamle og nye allierte, kryssar underlege og farlege alternative verkelegheiter i multiverset for å konfrontera ein mystisk ny motstandar.

Filmen skyvar fantasy-sjangeren i ein mørkare og meir skumlare retning. I starten av Doctor Strange si reise inn i mystikken si verd, blir han stilt ovanfor ei verd mykje større enn han klarer å forstå. Den Gamle seier «Om eg fortel deg alt, vil du gå herifrå i frykt.» Regissør Sam Raimi er ein meister i skrekk og spenning, og er ikkje ny i superheltuniverset. Han har tidlegare regissert og produsert «Darkman» i 1990 og den originale Spider-Man trilogien. Vi gjer oppmerksom på at Doctor Strange in the Multiverse of Madness inneheld fleire sekvensar med blinkande lys som kan påverka dei som har lysfølsom epilepsi eller har andre former for lyssensitivitet.



Billettpris: 120 kroner

Filmfakta

Regi: Sam Raimi. Skodespelarar: Benedict Cumberbatch, Elizabeth Olsen, Chiwetel Ejiofor, Benedict Wong, Xochitl Gomez, Michael Stühlberg, Rachel McAdams. Sjanger: Action /Eventyr /Komedie. Nasjonalitet: USA. Lengde: 2t. 6min. Aldersgrense: 12 år.

Ymse

Stoga: Kulturmåltidet med Sigmund Lidi torsdag 5. mai kl. 11.00.

Sigmund Lidi syner gamle film frå Bygland.

Billettpris: kr. 50.

Open kafé kl. 12.00-14.00. Velkomen!

Neste Kulturmåltid 19. mai kl. 11.



Bli med i Noregs lengste korps!

Vi er ein speleglad gjeng vaksne korpsmusikantar som ynskjer at du også blir med, så korpset vårt blir endå større, betre og livlegare!

Det vi altså våger å kalle Noregs lengste korps har medlemmer frå Hovden i nord til Iveland i sør.

Øvingstider og -stader

- Hovden: måndag 18.30-20.00 (Bjørg-Sissel Tveiten; tlf. 901 40 467)
 - Valle: Margrete Mosdøl
 - Bygland: tysdag 18.00-20.00 (Ingrid Eieland Flåt; ief@sbr.no og mobil 95827317)
 - Evje/ Iveland: Solveig Eiken/ Gunlaug Gaustestad
- ...men det artigaste er å øve saman i øvingshelgene på Bygland!



Bilete: Signe Sollien Haugå

No øver vi fram mot 17.mai og vår- og sommarkonsertar i dei ulike kommunane. Ta kontakt med ein av oss dersom du er interessert. Vi har ein del instrument å låne ut til dei som har spelt i korps før, men som ikkje har eige instrument. Velkomen!

Kong Hanes Eftf. Er du glad i å synge? Har du lyst til å synge i lag med oss? Vi har veldig lyst til at du skal bli med i koret vårt.

Kong Hanes Eftf. er eit blandakor som held til i Bygland. Me møter til øving kvar onsdag i musikkrommet på Bygland skule, kl. 19.30 - 21.30.

Kong Hanes Eftf.



Bygland Jeger- og fiskarlag: Leirdueskyting vil bli halden kvar onsdag kl. 18.00 – 20.00 fram til 7. september. Er der ikkje komen folk innan kl 19.00, stengjer vi. *For meir informasjon: facebook.com/byglandjfl*



Bilete: Bygland Jeger- og fiskarlag

Bygland IL: Terrenkarussell på KVS Bygland tysdag 10. mai kl. 18.00. Påmelding mellom kl. 17.15 – 17.45. Startkontigent: Enkel kr. 50, familie kr. 100. Arr. IL Gry, Otral IL, Bygland IL og Iveland IL *For meir informasjon sjå byglandil.com*



Bygland II: Klatring for elever 1-10.klasse

Endeleg skal vi prøve ut klatring for elever 1-10.klasse

Dette vil skje fire onsdagar framover (veke 18-21), det er Benny Uppstad (bilete) som vil stå for opplæringa. Alle må ha med seg ein føresett første gongen!

Klatringa vil foregå i bolta klatreløyper mellom Hanehaug-Kvålsnåpen.

Utstyr: behagelege klede og sko, vatnflaske

Oppmøte: Hanehaug, det er merka sti på andre siden av rv9 som de følger oppover. Denne turen tek omlag 15 min.

- 1.-2.klasse - kl. 16.30-17.00
- 3.-4. klasse - kl. 17.00-17.45
- 5.-7. klasse - kl. 18.00- 18.30
- 8.-10. klasse - kl. 18.45- 19.30



Bygland Bygdekvinnelag: Laurdag 21. mai er vi er invitert på tur saman med Valle og Hylestad Bygdekvinnelag til Vinje



Bibliotek på Byglandsfjord: Bokkafé

Bokkafé på biblioteket på Byglandsfjord på tysdagane klokka 12.00 -14.00.

Der samtalar vi om likt og ulikt med ein kaffekopp til.



Suleskardvegen.no informerer: Vi håpar at brøyting av den vinterstengte vegen går bra, slik at **sommarvegen opnar den 20. mai.**

Det er ei flott oppleving å køyre over fjellet i mai, på nybrøyta veg og enkelte stader langs vegen er det høge brøytekanar. Ver merksam på at det kan vere vanskeleg å stoppe undervegs då det er få eller ingen moglegheit for avkøyring eller parkeringsplassar.



Ved Håheller ved Roskreppfjorden finn du ein flott rasteplass med fleire parkeringsplassar. God tur!



KVA SKJER I BYGLAND?

Mai 2022

(med atterhald om endringar)

17. mai

Gratulerer med dagen!

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	ARRANGEMENT
sundag 01.05.	Reiårsfossen Camping og Jæren Luftsportkl.	heile dagen	Flynn på Ose
	Setesdal Travlag, tråvebanen på Senum	13.00	Trav- og rideløp, kiosksal, tippekonkurranse
sundag 03.04.	Bygland filmklubb, Bygland kulturscene	18.00	Den rosa panteren slår til igjen (12 år)
		20.00	Høyt skum I Hollywood (12år)
tysdag 03.05.	Biblioteket på Byglandsfjord	12.00-14.00	Bokkafé
	Bygland frivilligsentral	16.30	Bingo
torsdag 05.05.	Stoga kafé	11.00	Kulturmåltidet med Sigmund Lidi: Gamle film frå Bygland
fredag 06.05.	Kilden teater, Valle kultursenter, Storstoga	18.00	Premiere Paal-Helge Haugen ANNE
	Bjoren Brygge, Bygland	19.00	Kviss
		21.00	Musikkbingo
sundag 08.05.	Sandnes kyrkje, Åraksbø	16.00	Gudsteneste
tysdag 10.05.	Bygland frivilligsentral	16.30	Bygdemiddag (også 24.05.)
fredag 13.05.	Gangardans i Bygland, Bygland kulturscene	19.00	Gangardans
sundag 15.05.	Bygland filmklubb, Bygland kulturscene	xx	Gjest Baardsen (alle) - for tid sjå gruppa sin FB-side
		xx	Citizen Kane (alle)

tysdag 17.05.	Årdal kyrkje, Grendi	11.00	Festgudsteneste 17. mai
	17. mai komite		17. mai på Byglandsfjord (sjå program nede)
onsdag 18.05.	Bygdekinoen, Bygland kulturscene	17.30	Barske Bøller 2 (6 år)
		19.30	Doctor Strange (12 år)
laurdag 21.05.	Bygland IL, Byglandshallen	14.00- 17.00	Open Hall
	Bygland Ungdomskl., Byglandshallen	19.00 – 23.00	Laurdagsklubb 8. klasse - VGS
tysdag 24.05.	Bygland frivilligsentral	16.30	Bygdemiddag
sundag 29.05.	Bygland kyrkje	18.00	Konfirmasjonsgudsteneste

- **Bygland Ungdomsklubb:** sjå s. 17

Arrangement i regi av **Bygland frivilligsentral**, sjå s. 15 **Program for**
17.mai 2022, Bygland kommune

kl. 09.40: Barnetog på Bygland. Oppstart ved **Setesdølen**. Går opp til **Byglandsheimen**, helsar med flagg, rop og song.

kl. 10.00: Markering ved Byglandsheimen.

Tale: Svein Kleivane.



kl. 11.00: Gudstjeneste i **Årdal kyrkje, Grendi**.

Kransenedlegging og tale ved årets 10.klassingar.

kl. 12.30: Folketog frå **Lokstallen på Byglandsfjord** til **Årdalshallen**. Det vert så mat, leikar og aktivitetar i Årdalshallen og området rundt.

kl. 15.00: Tale for dagen ved Torbjørn Frøysnes.

Underhaldning og premieutdeling.



Velkomen! Me ynskjer alle ei god og minnerik feiring!